

ÅRSMELDING

for Rasdalen grendalag

2018/2019

Innleiing

Årsmøtet for 2017/18 vart avvikla i grendahuset 29.03.18. På dette årsmøtet vart det ikkje gjort endringar i styret.

Styret har då vore samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Frode Tufte, Arild Skjelbred, Frøydis Eide og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Vegard Rasdal, Victor Larsen

Av styret står Terje på val (leiar), Frøydis og Jan står på val (styremedlemmer) og Victor står på val (varamedlem).

Valnemd : Jan Olav Larsen og Geir Rasdal, Jan Olav står på val.
Revisor er Agny Laukeland Bygnes.

Møteverksemd

Dette året har det vorte halde fire styremøte i grendalaget. Det første møtet hadde me 27.april i høve det som vart kunngjort om privatisering av vegar i Voss kommune, det andre møtet var 1.juni og det tredje 5.oktober. I tillegg hadde også styret som vanleg eit møte i forkant av årsmøtet 29.mars.

Årsmeldinga vil vidare setja fokus på nokre av dei sakene som me i styret synest har vore viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

Den godkjende årsmeldinga – og informasjon og bilete elles - vert lagd ut på Rasdalssida, www.rasdalen.no. Styret oppfordrar medlemmene til å senda bilete, ev. med tekst, til redaktøren av sida. Dermed kan sida oftare oppdaterast, slik at folk kan sjå korleis det ser ut i Rasdalsområdet. Dette med å senda bilete og informasjon har medlemmene vorte litt flinkare til i løpet av det siste året, så det er berre å bruka telefonen og senda av garde. Viktig informasjon vert også kunngjort som oppslag her i Rasdalen.

Saker det har vore arbeidd med :

Dugnaden 02.06.18

Denne gongen vart også dugnadsarbeidet delt opp i to grupper. Ei gruppe tok seg av reingjering og vasking, og det vart også innvendig og utvendig rydding. Den andre og største gruppa rydda stien frå Flatstølen, opp til Nerjordsnipa og ned att gjennom Garlia. Veret var nok ein gong på vår side denne dagen, og me fekk gjort det me hadde planlagt. På sjølve dugnadsdagen var det åtte personar i sving, og dei som var på grendahuset hadde lunsj utandørs – det skjer ikkje kvart år. Elles var plenklipparen i bruk to gonger sist sommar, tørken førte ikkje til så stor avling på skuleplassen dette året.

Sommarfesten 28.07.18

Sommarfesten vart avvikla i godt og tenleg ver etter same mønster som tidlegare. Det var 46 personar denne gongen som hadde ein triveleg kveld i lag, og det er den største deltakinga på fleire år. Så på denne sommarfesten gjekk uteaktivitetane greitt unna med liv og lyst. Etterpå heldt me som vanleg til i salen nede. Der inntok me god mat ifrå eit rikhaldig koldtbord, quiz med varierte spørsmål, allsong og eit åresal som gav grendalaget pengar i kassa. Inntektene på denne festen er viktige for grendalaget, og i fjor fekk me inn heile 10760 kr på åresalet – noko som verkeleg er imponerande. Inngangsbillettar har me no sløyfa på sommarfestane. Tradisjonen med sommarfest er – og har vore - viktig med tanke på samhald og sosialt engasjement i dalen. På denne sommarfesten hadde me besøk frå Bolstad, og desse var også med å laga god stemning. Det å invitera gjester til arrangementa våre kan me godt halda fram med. I år vert det sommarfest endå ein dag tidlegare enn i fjor, nemleg laurdag 27.juli. Då håpar me som vanleg på god oppslutning.

Påskebasaren 31.03.18

Basaren på påskeaftan har alltid vore ei viktig inntektskjelde for Rasdalen grendalag. Me fekk denne gongen inn 17.520 kr på basaren, og det er ny rekord med god margin. Dette vart det første året med tre trekningar, og det vil me nok halda fram med. Prisen for ei åre vart i fjor auka til 10 kroner, og det kjem me til å halda fram med. Det var også premieutdelig etter påskerennet, og det vart som vanleg gitt litt informasjon frå leiaren. Styret er svært takksam for at folk er så flinke til å stilla opp, kjøpa årer og gje gevinstar til åresalet. Denne gongen var det uvanleg god oppslutning på basaren, om lag 85 personar med stort og smått.

Økonomien til grendalaget

Som det har vorte skrive i dei siste årsmeldingane, har me hatt bra kontroll og styring med økonomien over mange år. Med god hjelp frå medlemmene meiner me å ha kontroll, noko som medfører at det er lettare å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Saldo per 31.12.18 var på 48.902,91 kr. Etter den tid har det gått ut om lag 15300 kr til faste utgifter, men påskeaftan kjem basaren vår med forhåpentlegvis nytt økonomisk påfyll.

Når det gjeld medlemskontingent for 2018, har det kome inn 5100 kr på kontoen vår.

Diverse

Grendahuset har, som me før har påpeika, fått ein god del «oppgraderingar» i løpet av dei siste åra. Dermed vert det også meir attraktivt å bruka som lokale for møte, samkomer og festar av ulikt slag. Me håpar at folk vil bruka huset til ymse arrangement, og det bør nemnast at styret har lagt seg på eit heller lågt nivå når det gjeld utleigesatsar.

Det er også viktig at me tek vare på huset, og at det ser velstelt og skikkeleg ut. På dugnaden i 2019, som er bestemt til pinseaftan 8.juni kan det vera aktuelt å flikka og måla rundt vindaugene på innsida. Men dette er per i dag ikkje endeleg bestemt.

Dei siste tre åra har me arrangert fellesturar. I 2016 gjekk turen gjennom Tostigen og tilbake til Nerjorda. I 2017 arrangerte me ein tur til Holo og Rørbakken på austsida av elva. I fjor gjekk turen til Nerjordsnipa og tilbake gjennom Garlia. I 2019 er planen å setja kursen mot Bolstadstølen laurdag 20.juli. Me reknar som vanleg med fint ver på denne fellesturen også.

I tillegg arrangerte Arild ein tur i varmt og fint ver til Kringsstølen midt i juli, og der var det også folk frå Rasdalen med. Det var også lokalkjent mannskap med, som fortalde og gav god informasjon

Elles er vaskemaskina operativ, og den var i full sving sist sommar. Me ser at dette er eit greitt tilbud til dei som er her oppe i ein lengre periode. Me tek 50 kr for å bruka maskina, og har ikkje fått reaksjonar på det.

I fjor sommar fekk me Vipps på grendahuset, og det er også eit velkome tiltak som mange som nyttar seg av. Vippsnummeret til Rasdalen grendalag er 530195.

Det kan også nemnast at grendahuset fekk installert automatisk straummålar sommaren 2018.

Privatisering av kommunale vegar i Voss kommune

Dette vart ei stor og viktig sak for grendalaget etter reportasjen som stod i avisa «Hordaland» 7.april. Seinare i april hadde me styremøte der me diskuterte og avtala vidare strategi og arbeid. Me sende uttale både til «Hordaland» og sjølv sagt også til Voss kommune. Leiar i grendalaget hadde også fleire gonger telefonkontakt med kommunen. Denne saka engasjerte alle som har tilknytning til Rasdalen, og styret fekk mange gode innspel frå medlemmene. Desse var gode å ha med seg når det skulle formulerast eit skriv til avisa og til kommunen. Det heile enda godt, kommunen trekte etter kvart privatiseringa av Rasdalsvegen ut av planane sine. Men dette vart ein hektisk periode prega av usikkerheit, for me såg at ei eventuell privatisering av vegen vår ville få store konsekvensar for oss her oppe.

Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare

I året som har gått så har det vorte utført ein god del dugnadsarbeid. Det har også vorte arrangert påskebasar, påskerenn, fellestur og sommarfest. Styret prøver så godt det kan å tilretteleggja aktivitet i dalen, i tillegg til å halda grendahuset i bra stand. Me har også ei ordning med at det er ettersyn av grendahuset i vinterhalvåret. Særleg er dette viktig når kulden set inn og det er fare for frost, og også når det er mykje snø.

Innsamling av lokale stadnamn er også eit positivt tiltak med tanke på å ta vare på namn som har eksistert her i dalen. Det arbeidet tek me sikte på å få avslutta i løpet av året.

Me har framleis ikkje komne i gang med å ordna til og innreia lærarrommet i 3. etasje, så det skal me prioritera i tida framover. Planane har me, så då er det berre å få arbeidet sett i gang. Her vert det nok også behov for dugnadsarbeid for å få dette gjort.

Det som me i grendalaget hugsar best frå året som har gått, er nok kampen og engasjementet for å unngå at Rasdalsvegen skulle verta privatisert. Det viser igjen – og igjen - at det lønner seg å stå på og å kjempa for det som ein meiner er rett. Situasjonen for oss her oppe ville ha vorte heilt annleis dersom Voss kommune hadde fått gjennomslag for å privatisera vegen vår. Det var stor glede den dagen me fekk melding om at Rasdalselva var redda, men glede var også stor i fjor då me fekk meldinga om at Rasdalsvegen framleis skulle vera kommunal. Så dette får verta det siste ordet i denne årsmeldinga.

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal 21.04.2019

